



Kålås & Sønn Byggevarehandel AS  
Sauvågen 83  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2113 - 16/22532

Saksbehandlar:  
Benjamin Hicks  
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:  
23.08.2016

## Førebels svar - Gbnr 11/64 og 11/85 Hølleland

Det vert vist til fylkesmannens avgjerd av 01.07.2016 og motteken søknad journalført 19.03.2015.

### Mottakskontroll

Vi ber om orsak for sein tilbakemelding. Kommunen har kontrollert søknaden på nytt og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Dispensasjonsvedtaket av 20.03.2014 gjaldt ei fritidsbustad på 65 m<sup>2</sup>. Omsøkt fritidsbustad er på 103,7 m<sup>2</sup>. Det må sendast inn ein ny søknad om dispensasjon som omfattar heile det omsøkte tiltaket
2. Dersom skildra terrasse vert plassert nærmare enn 4 meter til nabogrensa er det krav om søknad om dispensasjon frå avstandreglane i pbl § 29-4 eller naboerklæring
3. Nye nabovarsler må sendast ut
4. Det må sendast inn nye teikningar dersom det evert gjort endringar i forhold til innsendte teikningar

Kommunen ber om at etterlyst tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.10.2016

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Kopi til:**

Nils Bjerkeng	Hjellestadvegen 122H	5258	BLOMSTERDALEN
Trine Linde og Jan Tore Strømme	Geitevikja 16	5353	STRAUME

**Mottakarar:**

Kålås & Sønn Byggevarehandel AS	Sauvågen 83	5915	HJELMÅS
---------------------------------	-------------	------	---------